

Referat styremøte 09.09.21

Desse møtte: Erlend Overaa, Ola Vangen, Ola Kåre Dybvik, Ronny Vedå, Roger Vangen, Thor Aurdal og Tom Olav Moldskred

Møtestad: Olsvika

Møtetidspunkt: 18:00

Sak 1/2021 - Oppsummering frå leiarmøte

Ola informerte kjapt om kva som blei gjennomgått på leiarmøtet. Ingen store revolusjonerande ting som blei tatt opp.

Sak 2/2021 - Terminliste 2022

Styret diskuterte terminlista for neste år, og kom fram til følgjande ting som ein kan ta med vidare til kretsen:

- Sjå på moglegheite om å flytte samlagsstemne miniatyr til medio februar
- Eventuelt arrangere eit banestemne mellom LS og samlagsstemne bane

Skulle det framleis vere restriksjonar når miniatyrstemna startar opp så blir plan B fortsette suksessen med heimebanestemne.

Sak 3/2021 - Ny felthurtigpokal

Rune Kristoffersen vant felthurtigpokalen til odel og eige under samlagsstemnet i Langevåg. Ola ordnar med ny pokal til neste år.

Sak 4/2021 - Aktivitet i samlaget framover

Aktuelle aktivitetar som styret vil jobbe med utover hausten:

- Seniorsamling med mykje praktisk skyting (Thor)
- Ungdomssamling (Ungdomsgruppa)

Sak 5/2021 - Samlagsstemne miniatyr 2021

Gjennomførast som heimebanestemne i medio november, så sant restriksjonane er der framleis og vi ikkje har ein aktuell arrangør.

Sak 6/2021 - Oppfrisking av statuttar til feltkarusellen

Feltutvalet v/Tom Olav vil friske opp statutten for feltkarusellen. Det jobbast fram eit forslag til statutt som takast opp igjen i samlagsstyret i eit seinare møte før Ombodsmøtet.

Sak 7/2021 - Ombodsmøte 2021

Ombodsmøtet 2021 vert mest truleg i Langevåg 5. desember. Ola Kåre avklare dette med skyttarlaget. Ola sende ut nødvendige innbydingar.

Sak 8/2021 - Heiderspris 2021

Styret har tatt opp saka og kome fram til at det ikkje vert nokon utdeling av heiderspris i år.

Sak 9/2021 - Eventuelt

Forslag til ombodsmøtesak mot forbod mot metallmål.

Møtet slutt 20:30.

Ola Vangen

referent